

KVINNEFRONTENS PROGRAM





Kvinnefronten er ein radikal feministisk organisasjon som vil forandre verda og ha full kvinnefrigjering.

Kvinnefronten er ein partipolitisk uavhengig medlemsorganisasjon. Vi driv eit omfattande og allsidig kvinnepolitisk arbeid; både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Kvinnefrigjering er ikkje mogeleg utan økonomisk sjølvstende og eit godt utbygd velferdssamfunn.

Kvinnens rett til å bestemme over eige liv og eigen kropp er ein grunnleggjande menneskerett. Ein kvinneundertrykkande praksis kan aldri legitimerast med å visa til kultur eller religion. Kamp mot kvinneundertrykking blir ført av kvinner i alle kulturar.

Full frigjering er det når kvinner har rett og høve til å velje det livet dei ønskjer utan omsyn til hudfarge, etnisitet, seksualitet, sivil status, klasse eller funksjonsevne.

Vårt mål er eit samfunn der alle kan leve ut sin identitet, kjærleik, seksualitet og sin måte å vere kvinne på basert på likeverd og samtykke, utan fare for å bli diskriminert og/eller trakassert.

Kvinnefronten ser organisering av kvinner både som eit mål og som eit middel. Kvinner kan berre forandre verda dersom vi samlar oss og kjempar saman. Gjennom diskusjonar og fellesskap kan vi forstå eige liv og setje eigne erfaringar inn i ein større samanheng.

Kvinnefronten må våge å sjå på korleis eiga forståing og arbeidsmetodar kan bidra til å halde ved lag skilje og maktskilnader som finst elles i samfunnet. Vi vil ha samarbeid og open debatt basert på respekt for kvinners erfaringar utan stereotype oppfatningar på



bakgrunn av hudfarge, religion, seksuell orientering,
funksjonsevne eller liknande.



1. Internasjonal solidaritet og samarbeid

Sidan oppstarten i 1972 har Kvinnefronten hatt solidaritetsprosjekt og samarbeid med ei rekkje kvinneorganisasjonar i alle verdsdelar. Kvinnekampen og den internasjonale kvinnerørsla skal forandre verda.

Kvinnefronten er med i fleire store og små internasjonale kvinnenettverk, og har partnarar og søsterorganisasjonar som jobbar mot kvinneundertrykking og for full kvinnefrigjering. Slike samarbeid er viktige ettersom det er kvinner – og da særleg kvinner i sør – som blir hardast ramma av dei negative følgjene av mellom anna maktkamp, kriser, konflikhtar og klimaendringar.

Det internasjonale samarbeidet er organisert rundt nokre sentrale område og krav som kan delast inn i meir konkrete kategoriar: a) Alle former for vald mot kvinner - valdtekt, kjønnslemlesting, krig og trakassering. b) Seksuell og reprodutiv helserettar (SRHR): svangerskap og fødsel, trygg og lovleg abort, tilgjengeleg prevensjon og anna som verkar inn på kvinners helse og fruktbarheit. c) Mot sal av kvinnekroppen gjennom prostitusjon, menneskehandel, pornografi og surrogati.

Kvinnefronten støttar kvinners eigenorganisering for sentrale kvinnekrav og grunnleggjande menneskerettar.

Prosjektpartnarar:

Women's Promotion Centre i Tanzania, seksuelle og reprodutive rettigheter

Coalition Against Trafficking in Women, nettverk mot trafficking og prostitusjon

SIAC/DIAC i Tanania, kjønnslemlestelse



2. Menns vald mot kvinner

Eit liv uten vald er ein menneskerett. Menns vald mot kvinner er eit globalt fenomen, og til hinder for kvinners rett til liv, helse, sjølvstende, utvikling og fridom. Skal kvinner ha samme rett til liv som menn, er det avgjerande at menn sluttar å bruka vald mot kvinner.

Valden kan være seksuell, fysisk, psykisk, strategisk (i krig/konflikt) og økonomisk.

Tvangsekteskap, kjønnslemlesting og prostitusjon er vald mot kvinner.

Mange stader i verda følgjer det stor fare med å elske den ein vil og bryte med kjønnsrollane. Lesbiske, bifile, transpersonar og andre som bryt med kjønnsforventingane blir utsette for vald og trakassering.

Vald rammar kvinner i alle kulturar, yrkesgrupper, i alle klassar og samfunnslag.

Slik situasjonen er i dag vil 1/3 av alle kvinner i verda oppleve grov vald frå ein av sine næraste i løpet av livet. I Norge oppgir nesten kvar tiande kvinne å ha vore utsett for potensielt livstrugande vald. Vald i heimen er ei av hovudårsakene til skadar, sjukdom og død blant kvinner verda over.

At menn valdtar kvinner er eit stort folkehelseproblem. Kvar tiande kvinne har vore utsett for valdtekt. Dei fleste blir valdtatt av ein dei kjenner, svært få valdtekter er overfallsvaldtekter. Kvinner melder valdtekter til politiet i større grad enn før, men det har ikkje ført til fleire rettssaker og domfellingar.



Å ta ifrå kvinner tilgang til økonomiske ressursar og å isolere kvinner sosialt er metodar som blir brukt for å kunne utøve vald, og er i seg sjølv ein del av valden.

Frykt for utfrysning og tap av familien er også faktorar som gjer det vanskeleg for kvinner å bryte ut av valdelege og undertrykkande familieforhold.

Tvangsekteskap, æresdrap og andre overgrep som ofte blir forsøkt rettferdiggjort gjennom religion bryt heilt grunnleggjande med retten til kontroll over eigen kropp og eige liv. Det er viktig å sjå på korleis debatten om desse spørsmåla blir ført, og sjå det i samanheng med hetskampanjen som blir ført mot ikkje-vestlege minoritetar generelt og muslimar spesielt. Kvinnedrap utført av menn med minoritetsbakgrunn blir kopla til kultur, medan kvinnedrap utført av etnisk norske menn blir kalla ”familietragediar”.

Kvinner med minoritetsbakgrunn kan vere ekstra sårbare. Mange manglar nettverk, språk, økonomi og kunnskap om kva rettar dei har. Kvinner som kjem til Norge på familiegjenforeining må vere gift i 3 år før dei får opphaldsløyve på sjølvstendig grunnlag. Denne 3-års regelen er til særleg hinder for kvinner som lever i valdelege forhold, men som ønsker å bli i Norge.

Kvinnefrontens mål er eit samfunn utan prostitusjon. Prostitusjon er både eit resultat av manglande likestilling, og ei årsak til manglande likestilling. Prostitusjon gir kvinner alvorlege psykiske og fysiske helseskadar og er eit uttrykk for kvinners underordna stilling i alle samfunn.

Sexkjøpslova er retta mot etterspurnad og er eit viktig verkemiddel. Men den må følgjast opp med finansiering, eigne stillingar i politiet og exitprogram. Kvinner som vitnar mot menneskehandlarar må få vern og opphaldsløyve i Norge.



3. Råderett over eigen kropp: seksuell og reprodktiv helserettar (SRHR)

Kvinner skal ha råderett over eigen kropp, seksualitet og reproduksjon. Det er ein føresetnad for full kvinnefrigjering. Tilgang til prevensjon og lovleg trygg abort, gode ordningar for svangerskap, fødsel og barsel er viktige for kvinners helse.

Lova om sjølvbestemt abort vart innført i 1979, men lova vert ofte utsett for angrep av ulike slag, mellom anna med forslaget om reservasjonsrett for helsepersonell. Kvinnefronten meiner at kvinner har rett til å avgjere dette spørsmålet sjølve, gjennom heile svangerskapet. Vi er sterkt imot at kvinner som ønskjer abort blir sett i ei særstilling ved at helsepersonell kan reservere seg mot å utføre inngrepet. For oss er det heilt grunnleggjande at kvinner sjølve skal bestemme kor mange barn dei vil setje til verda. Å nekte kvinner fosterreduksjon er eit angrep på abortlova. Kvinnefronten stoler på kvinners evne til å ta dei rette vala for seg i sin situasjon, og vil ha vekk abortnemndene.

Kvinner, både i Norge og elles i verda lever under ulike tilhøve, og har ulike behov for prevensjon ut frå livsstil, seksuell praksis, hygieniske forhold o.l. For å ta rette og sjølvbestemte val om prevensjon treng kvinna god informasjon om dei ulike prevensjonsmetodane som er tilgjengelege, slik at ho kan velje ein metode som passar henne. Kvinnefronten vil ha gratis prevensjon og manskopp til alle kvinner.



Arbeidslivet er lite lagt til rette for gravide. Kvinnefronten vil ha betre regelverk og høve til å stille krav om tilrettelegging, slik at den gravide kan stå i jobb så lenge ho ønskjer det. Fødselsomsorga har blitt sterkt sentralisert dei siste 30 åra, og angrepa har auka etter at staten overtok sjukehusa og gjorde dei om til føretak. Dette er i tråd med IMF og GATS sine mål om privatisering av helsetenester. Slik rammar globaliseringa av den kapitalistiske økonomien også helsa til kvinner i Norge, som i resten av verda. Kvinnefronten vil ha slutt på sentraliseringa av fødetilbodet, og krev i samarbeid med brukarane meir differensiert fødselsomsorg på dei store avdelingane.

Det er svært mangelfull jordmordekning i landet, og nasjonale retningsliner for jordmordenesta er ikkje oppfylt. Ei rekkje kommunar har ikkje kommunejordmor i det heile. Retten til å velje mellom kontrollar hos fastlege eller jordmor i løpet av eit svangerskap er ikkje reell. Jordmødrer i mange kommunar har så lang venteliste at det ofte ikkje er mogleg å få time før etter termindato. Undersøkingar viser at tilsette jordmødrer ved fleire sjukehus meiner drifta på kvinneavdelinga er uforsvarleg. Liggetida på fødeavdelingar blir korta ned på same tid som det ikkje er nok jordmødrer til at dei kan gjennomføre heimebesøk. Dette er uakseptable nedprioriteringar av kvinners og barns helse og rettar. Vi treng betre og kunnskapsbasert barselomsorg.

Kvinnefronten er mot all tvang, både når det gjeld prevensjon, abort og fødsel. Vi vil vere med på å spreie opplysing om konsekvensane av kjønnslemlesting, og om lovverket vi har i Noreg.

At ei kvinne ber fram og føder eit barn for nokon andre mot betaling er utnytting av kvinners kroppar og eit alvorleg problem. Å vere gravid og gjennomgå ein fødsel er den farlegaste tida i ei kvinnes liv.

Det er grunn til å tru at legalisering av altruistisk surrogati vil auke den kommersielle handelen med kvinners kroppar i fattige delar av verda.

Det er også vanskeleg å kontrollere om kvinner vert utsett for press eller maktmiddel.



Surrogati er intimt kopla til kjønn, klasse og etnisitet. Mange par som bruker utanlandske kvinner som surrogatar, kunne ikkje tenkje seg å adoptere eit barneheimsbarn frå det same landet.

Kvinnefronten meiner at korkje kvinners kroppar eller barn er handelsvarer.



4. Kvinneres økonomiske sjølvstende

Økonomisk sjølvstende er nødvendig for å nå full kvinnefrigjøring. Likelønn, ein sterk velferdsstat og lovfesta rettar vil gjere kvinner mer økonomisk uavhengige.

I dag er norsk arbeidsliv sterkt kjønnsdelt og dei kvinnedominerte yrka er underbetalt i forhold til sammenliknbare mannsdominerte yrke. Ei kvinne tener i gjennomsnitt 88 prosent av ei gjennomsnittleg mannsinntekt. Derfor må tradisjonelle kvinneyrke få auka status og bli likestilt med mannsdominerte yrker.

I tillegg jobbar nesten halvparten av alle norske kvinner deltid. Det finst kvinner som ikkje kan eller ønskjer å jobbe fulltid, men den delen kvinner som jobbar ufrivillig deltid aukar. Vi krev at regjeringa lovfestar retten til heiltidsarbeid, og vi vil ha 6-timars normalarbeidsdag med full lønnskompensasjon. Dette vil gi fleire kvinner høve til full jobb og full lønn, og med det auka økonomisk selvstende.

Offentleg sektor er prega av nedskjeringar og privatisering. Kommunane blir fattigare. Fleirtalet av arbeidstakarane i kommunal og statleg sektor er kvinner. Angrep på velferdsstaten er derfor først og fremst angrep på kvinners økonomiske sjølvstende. Kvinnefronten krev ein sterk velferdsstat der omsynet til menneska trumfar kravet om profitt.

Den nye pensjonsordninga har gitt eit pensjonssystem som særleg kvinner taper på. Vi har ikkje lenger ein solidarisk tenestepensjon i offentlig sektor. Alle år som går med til deltidsarbeid, omskolering og/eller utdanning fører til tap i pensjon.



Det går i dag føre seg ei utskiljing av verksemdar i både privat og offentleg sektor. Dette skaper usikre arbeidsforhold for dei tilsette, og gjer det svært vanskeleg å føre felles kamp for betre lønns- og arbeidsforhold. Ulike yrkesgrupper på same arbeidsplass med ulike arbeidsgivarar og ulike lønssystem betyr i praksis ei aktiv undergraving av ei sterk fagrørsla.

Stadig fleire utanlandske kvinner arbeider som reinhaldarar eller au pair i norske heimar. Desse må få høve til å fagorganisere seg slik at dei kan krevje tarifflohn og betre arbeidsforhold. Generelt må fagrørsla prioritere arbeidet med å organisere kvinner i den uformelle sektoren og slik sikre dei arbeidstakarrettar.

Anbodskonkurransar blir brukt når tidlegare offentlege institusjonar blir erstatta med private velferdsprofitørar. For tilsette, som i stor grad er kvinner, har dette ført til dårlegare lønns-, arbeids- og pensjonsvilkår. Kvinnefronten ønskjer profittfri velferd og ei styrking av velferdstilbodet i offentlig regi.

Det er viktig at politikk for å sikre eit anstendig arbeidsliv blir utforma av norske politikarar og partane i arbeidslivet. EU-direktiv endrar norsk politikk og undergrev inngåtte tariff-avtalar. Som ein del av nei til EU-rørsla i Norge og Kvinner på Tvers anerkjenner vi at feminismen er grenselaus, og at kampen for kvinners økonomiske sjølvstende må førast både nasjonalt, internasjonalt og i samarbeid med fagrørsla.



5. Grenselaus feminisme

Det grunnleggjande feministiske prinsippet om kvinners rett til å bestemme over eige liv og eigen kropp gjeld på tvers av alle geografiske og kulturelle grenser. Ein kvinneundertrykkande praksis kan aldri legitimerast med å visa til kultur eller religion.

I krigssituasjonar og situasjonar med væpna konflikt er kvinner som gruppe spesielt sårbare. Mange kvinner opplever å bli tvinga til seksuelle handlingar i bytte mot mat og vern for dei sjølve og barna deira. Valdtekt blir ofte brukt som våpen i krig, og må reknast som tortur og gi grunnlag for asyl.

Dei fleste som får asyl i Norge i dag er menn, medan kvinner som oftast får opphald på bakgrunn av mennene sin status. Dette trass i at mange kvinner flyktar frå seksualisert vald, og at mange kvinner opplever grove og systematiske menneskerettsbrott i ulike former både før, under og etter flukt. Kvinnefronten meiner norske styremakter må anerkjenne at kvinner i slike situasjonar treng vern, og også sikre kvinners rettar og tryggleik i asylmottak.

Minoritetskvinner i Norge er ei svært samansett gruppe. Det kan vere kvinner frå den samiske urbefolkninga og andre minoritetar med lang historie i Norge, kvinner som er komne til landet som flyktningar/asylsøkjjarar/innvandrara, og kvinner som har komme i samband med familiegjenforeining og familieetablering.

Vi aksepterer ikkje at politikarar og innvandringsmotstandarar som aldri har støtta kampen for kvinners rettar spreier fordømmar og rasisme fordekt som forsvar av kvinner. Mange vil forby bruk av hijab på skolar og arbeidsplassar og seier det er undertrykkande.

Kvinnefronten meiner ingen skal diskriminerast eller trakasserast for sine val.



Kvinnefronten ser at vi treng både å søke kunnskap hos minoritetskvinnens egne organisasjonar, og å rekruttere fleire minoritetskvinner til Kvinnefronten. Gjennom diskusjonar og fellesskap kan alle kvinner forstå eige liv og setje egne erfaringar i ein større samanheng. Vi vil ha samarbeid og open debatt bygd på respekt for kvinners erfaringar og styrke utan stereotype oppfatningar på bakgrunn av hudfarge, religion, seksuell legning, funksjonsevne eller liknande.



6. Familien

Vi ønsker ei utvida forståing av kva ein familie er, den må også omfatta familiar med eineforsørgarar, lesbiske og homofile familiar og kollektive buformer. Familie må være et vidt omgrep som folk må få definere sjølv. Kvinnefronten er for at ansvar for barn skal fordelast jamnt mellom foreldra. Skjer det samlivsbrott, bør begge foreldra få rettar som einsleg forsørger ved delt omsorg, slik at det er mogeleg å velje dette uavhengig av foreldra sin økonomi. Det er oftast kvinner som står økonomisk svakast ved samlivsbrott. Kvinner er også i fleirtall blant eineforsørgarar og mange av dei fattige i Norge er eineforsørgarar.

Familien slik den er organisert i dag er med på å oppretthalde undertrykking og underordning av kvinner. Dette skjer blant anna ved at menn tener meir enn kvinner og ofte forsørger kvinner, forventingar om at kvinner tar hovudansvar for barna, heimen og familien, at omsorgs- og velferdsansvar blir plassert i heimen, sosialisering av barn inn i tradisjonelle kjønnsrollemønster, vald og overgrep mot kvinner i nære relasjonar og at familien blir brukt som ein reiskap for sosial kontroll.

Mange får ikkje hjelp når dei treng det, fordi problem og overgrep er skambelagt, og blir halde skjult eller blir forsøkt løyst innan i familien.



7. Media og makt

Mediene er sentrale i å produsere, reprodusere og oppretthalde undertrykkande idear om kjønn. Mediene har stor definisjonsmakt når det kjem til kjønnsroller, kvinne- og mannsideal. Underrepresentasjon av kvinner i media betyr færre høve for kvinner til å påverke og identifisere seg med framstillinga av dagens verkelegheit. Ein mannsdominert mediekultur er eit demokratiproblem.

Vel så problematisk er *måten* kvinner blir framstilt på. Gjennom «ufarlege/harmlause» oppslag viser media kvinner som underordna menn i samfunnet, anten ved å gjere kvinners kjønn relevant i samanhengar der det er irrelevant, eller ved at det blir laga spekulative oppslag basert på kvinnekroppen eller kvinners seksualitet slik menn definerer den.

Media har ein tradisjon for å vie avkleddde kvinner stor plass og setje det inn i en kontekst av «sterk og sjølvstendig kvinne». Rammene for kva type kvinner som får synast i offentlegheita er veldig tronge; tynn, vakker og vellykka er kravet. Det å kle av seg og spele på sex blir framstilt som frigjerande og eit teikn på kvinneleg styrke. Dette skaper eit press på kvinner til å etterkomme ideala samtidig som det usynleggjer dei kvinnene som ikkje passar inn i malen.

At det kan opplevast bekreftande og positivt for den individuelle kvinna å eksponere seg på denne måten, hindrar ikkje den negative effekten det har på kvinner som gruppe. Å leve i menns blick og søke menns og medias anerkjenning har aldri – og kan aldri – føre oss til kvinnefrigjering.



8. Kjønnssroller

Kvinnefronten definerer kjønn som:

- 1) Biologisk kjønn (sex) - dei reint biologiske skilnadene mellom menn og kvinner.
- 2) Sosialt kjønn (gender) - kjønnssroller

Kjønnssroller er kort fortalt de setta med normer og forventingar som er knytta til det å vere mann eller kvinne. Dei påverkar alle aspekta av liva våre, frå interesser til kjensler og måten vi ter oss på.

Gutar og jenter blir begge sosialiserte inn i ei kjønnssrolle basert på kva for kjønn dei er fødd i. Dette inneber at gutar og jenter blir behandla ulikt frå fødselen av. Studiar har vist at både foreldre, barnehagepersonale og lærarar behandlar gutebarn og jentebarn ulikt heilt fra starten av livet.

Alt før vi blir fødd begynner folk rundt oss å forvente ulike ting av oss, avhengig av om vi er gutar eller jenter. Dette er forventingar som gir føringar og set grenser for kva vi har høve til å velja.

Jenter blir i større grad lært opp til å ta vare på andre, medan gutar oftare får meir rom til å utvikle sine eigne evner og setje seg sjølv først.

Kjønnssrollene er begrensande og skadelege både for jenter og gutter.

Kvinnefronten kjempar for full kvinnefrigjering – for at det skal vere mogeleg må også kjønnssrollene for gutar sprengjast. Vi vil at jenter skal få større handlingsrom og valfridom – at kvinner skal bli oppfatta og behandla først og fremst som menneske, og ikkje berre som kjønn. Vi meiner at formelle rettar ikkje er nok, kjønnssrollene og den urettferdige maktfordelinga må også endrast.



9. Seksuell frigjering

Mennesket er eit seksuelt vesen med begjær og lyster. Men seksualiteten er flytande og blir påverka av samfunnet vi veks opp i – gjennom media, kjønnsroller, porno, kultur og erfaringar.

Parallelt med kampen mot porno, som gir et vrengebilde av sex, ønskjer vi å føre kampen for seksuell frigjering. Faktorar som fremjar ein fri og ikkje-undertrykkande seksualitet er i manko, samtidig som seksuelt undertrykkande krefter har for stor makt. Kvinnefronten vil innføre eit nasjonalt nettpornofilter, der det krevst registrering for tilgang og 18 års aldersgrense.

Seksuell undertrykking og utnytting gjer at mange blir ”frårøva” seksualiteten sin og ikkje er i stand til å nyte den fritt sjølv om dei får høve til det.

Der gutar blir oppdratt til at sex og kåtskap er ein del av naturen deira, blir jenter oppdratt til å motstå dette i stor grad. Begge delar er undertrykkande. Barn bør oppdras til å få eit naturleg forhold til sin eigen seksualitet, og respekt for andres seksualitet.

Seksuell fridom forutset også at ein blir kvitt synet på heteroseksualitet som det normale. Ei slik norm gjer at lesbiske, bifile og transpersonar blir sett på som avvikarar og ofte blir trakassert og forsøkt usynleggjort. Spesielt er det mykje hets og trakassering av LHBT-personar i mange ungdomsmiljø.

Kvinnefronten vil jobbe for eit samfunn der alle kan leve ut sin identitet, kjærleik og seksualitet basert på likeverd og samtykke, utan fare for å bli diskriminert og/eller trakassert.

Seksuell fridom er blant anna å kunne utfalde seksuelle lyster og begjær utan å føle skuld eller skam, og utan frykt for vald eller overgrep.



Kvinner og jenter må kjenne seg så trygge at dei kan seia både nei og ja.

Sex med andre er ikkje ein menneskerett – ein kan ikkje krevje at andre skal tilfredsstillе dei seksuelle lystene ein har, mot deira vilje eller mot betaling/belønning. Å lære om kommunikasjon og å respektere andre sine grenser er like viktig som å øve på å setje egne grenser.



BLI MEDLEM!

Send SMS kode:

KF400 til 2380 (kr 400 /året vanlig)

KF200 til 2380 (kr 200 /året redusert)

KF100 til 2380 (kr 100 /året ungdom under 18)

KVINNEFRONTEN I NORGE

Kirkegata 5, 0153 Oslo

Telefon: 46 98 71 80

post@kvinnefronten.no

www.kvinnefronten.no